

STYREPROTOKOLL

Tysdag **31. mars 2020** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, kantinen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – 17.25
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Astri Furumo, Simon Næsse og Siv Bente Stople Østbø
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent (utsending pr. e-post 25.04.20)
SAKSLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 6/20 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 11.02.20

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:
Protokoll frå styremøtet 11.02.20 blir godkjent.

Styrehandsaming 31.03.20:
Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 31.03.20:

Protokoll frå styremøtet 11.02.20 blir godkjent.

SAK 7/20 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 31.03.20

7. Innkalling til representantskapsmøte i HKS IKS den 27.04.20
8. Protokoll – valnemnda for HKS IKS
9. Senioravtale for tilsette i HKS IKS

Styrehandsaming 31.03.20:
Dagleg leiar orienterte og styret kommenterte. Styret tilrødde at representantskapsmøtet blei halden som fjernmøte for å avgrense spreieing av Covid-19-viruset nå når ny midlertidig lov for IKS var på trappene.

Samrøystes vedtak 31.03.20:

Styret tar referatsakene 7 - 9 til orientering.

SAK 8/20 – STATUSOVERSIKT PR. MARS 2020

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. mars 2020 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 31.03.20:

Dagleg leiar informerte om avlyste møte i mars og om arbeidssituasjon. Styret støtta dagleg leiar i at permittering ikkje har vore ei aktuell problemstilling. Ho og rådgjevar har mange større saker under førebuing framover.

Samrøystes vedtak 31.03.20:

Statusoversikt pr. mars 2020 blir tatt til orientering.

SAK 9/20 – LØNNS- OG REGNSKAPSTENESTENE I HKS IKS

Dagleg leiar si innstilling:

Styret tar tilleggsopplysninger i sak 9/20 til orientering og opprettholder sin innstilling fra styremøtet 11.02.20, sak 5/20:

Representantskapet for HKS IKS godkjenner at selskapets lønns- og regnskapsføring blir utført av eksternt selskap fra og med 2020.

Styrehandsaming 31.03.20:

Styreleiar innleia. Dagleg leiar orienterte om overslaget. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 31.03.20 og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner at selskapets lønns- og regnskapsføring blir utført av eksternt selskap fra og med 2020.

SAK 10/20 – GODKJENNING AV STYRET SI MELDING OG SEKRETARIATET SI ÅRSMELDING 2019

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2019 vert godkjent og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar årsmelding 2019 slik den er lagt fram.

Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.

Styrehandsaming 31.03.20:

Årsmeldinga blei vedtatt slik den låg føre.

Samrøystes vedtak 31.03.20:

Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2019 vert godkjent og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

og innstilling til representantskapet

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar årsmelding 2019 slik den er lagt fram.

Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.

SAK 11/20 – GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2019

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Årsrekneskapen for 2019 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 48 841. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

Styrehandsaming 31.03.20:

Revisor hadde levert rein revisjonsmelding utan merknader. Styret hadde ingen merknader. Saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 31.03.20 og innstilling til representantskapet:

Årsrekneskapen for 2019 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 48 841.

Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

SAK 12/20 – REGULERT BUDSJETT 2020

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret godkjenner regulert budsjett for 2020 slik det ligg føre.

Styrehandsaming 31.03.20:

Dagleg leiar svara på spørsmål om budsjettmidlane til seniortiltak. Styret slutta seg til forslaget, som held same budsjetttramme fastsett av representantskapet, men med eit stramare driftsbudsjett enn det fyrste.

Samrøystes vedtak 31.03.20:

Styret godkjenner regulert budsjett for 2020 slik det ligg føre.

SAK 13/20 – BUDSJETT 2021

Dagleg leiar si innstilling:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2021 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2021 med følgjande rammer:

Inntekter 2021		Utgifter 2021	
Tilskot	2 224 000	Lønn- og sosiale utgifter	1 942 000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	282 000
Inntekter totalt	2 224 000	Utgifter totalt	2 224 000
Resultat	0		0

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2021 følgjande:

Karmøy kommune	403 000
Haugesund kommune	403 000
Tysvær kommune	212 000
Vindafjord kommune	212 000
Sveio kommune	189 200
Sauda kommune	189 200
Etne kommune	189 200
Suldal kommune	189 200
Bokn kommune	123 200
Utsira kommune	114 000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka.

Styrehandsaming 31.03.20:

Dagleg leiar orienterte om det i år ikkje ligg føre nokre prognoser frå SSB om norsk og internasjonal økonomi. Årsaka er koronaviruset og dei konsekvensane det vil ha for verdsøkonomien og for Noreg. Mellom anna er årets lønnsoppgjer utsett til hausten. Budsjettframlegget vil difor måtte vere tentativt. Styret var samd i at budsjettet eventuelt seinare kunne bli endra, men at ikkje var grunn for utsette saka. Dei slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak 31.03.20 og innstilling til representantskapet:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2021 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2021 med følgjande rammer:

Inntekter 2021		Utgifter 2021	
Tilskot	2 224 000	Lønn- og sosiale utgifter	1 942 000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	282 000
Inntekter totalt	2 224 000	Utgifter totalt	2 224 000
Resultat	0		0

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2021 følgjande:

Karmøy kommune	403 000
Haugesund kommune	403 000
Tysvær kommune	212 000
Vindafjord kommune	212 000
Sveio kommune	189 200
Sauda kommune	189 200
Etne kommune	189 200
Suldal kommune	189 200
Bokn kommune	123 200
Utsira kommune	114 000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakar-kommunane ikkje blir auka.

SAK 14/20 – ØKONOMIPLAN 2021 - 2024

Dagleg leiar si innstilling:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2021-2024:

	2021	2022	2023	2024
<i>Inntekter:</i>				
<i>Tilskudd</i>	2.224.000	2.302.000	2.383.000	2.466.000
<i>Andre inntekter</i>	0	0	0	0
Totalt	2.224.000	2.302.000	2.383.000	2.466.000
<i>Utgifter:</i>				
<i>Lønn og sos. utg.</i>	1.942.000	2.010.000	2.080.000	2.152.000
<i>Driftsutgifter</i>	282.000	292.000	303.000	314.000
Totalt	2.224.000	2.302.000	2.302.000	2.466.000
<i>Resultat</i>	0	0	0	0

Styrehandsaming 31.03.20:

Dagleg leiar orienterte om at det var lagt inn 3,5 % auke, men her gjaldt same uvisse som i sak 13/20 for økonomiutviklinga i verda og Noreg. Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 31.03.20 og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2021-2024:

	2021	2022	2023	2024
Inntekter:				
Tilskudd	2.224.000	2.302.000	2.383.000	2.466.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	2.224.000	2.302.000	2.383.000	2.466.000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	1.942.000	2.010.000	2.080.000	2.152.000
Driftsutgifter	282.000	292.000	303.000	314.000
Totalt	2.224.000	2.302.000	2.302.000	2.466.000
Resultat	0	0	0	0

SAK 15/20 – VAL AV REVISOR**Dagleg leiar si innstilling:**

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel KPMG AS som revisor frå 2020.

Styrehandsaming 31.03.20:

Styret tok opp spørsmål om selskapet må kjøpe teneste frå statsautorisert revisor nå når selskapets lønns- og regnskapsføring blir utført av eksternt selskap.

Dagleg leiar blei bedt om å undersøke om selskapet kjem inn under reglane for fråfall av revisjon, som kom for nokre år sidan for små enkeltføretak eller om selskapet har revisjonsplikt etter IKS-lova. Representantskapet må då eventuelt endre vedtektene/selskapsavtalen. Det vil då truleg fyrst kunne skje frå neste år. Styret var også inne på om det kunne vere eit alternativt å nytte ein økonomikunnig frå eigarkommunane til å revidere.

Styret slutta seg til innstillinga med følgjande tillegg: «.....men det bør bli vurdert om selskapet har revisjonsplikt». Saka vert vidare sendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 31.03.20 og innstilling til representantskapet:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel KPMG AS som revisor også frå 2020, men det bør bli vurdert om selskapet har revisjonsplikt.

EVENTUELTDatatryggleik

Styret oppmoda dagleg leiar å ta kontakt med Forum for Kontroll og tilsyn og dei arkivansvarlege i eigarkommunane for å vurdere å få på plass eit elektronisk sak/arkivsystem for å vere heilt sikker på at selskapet følger journal- og arkivansvaret, spesielt med omsyn til personsensitive opplysningar og GDPR og trygg lagring av dokument. I dag har sekretariatet eit papirbasert arkiv og fører postjournal på Excel-ark. Kostnadene knytte til ein slik investering vil måtte dekkast av oppspare midlar.

Takk til avtroppande styre

Styret fekk blomar, då det var siste møtet i denne styreperiode og det siste med dette styret. Styret bad dagleg leiar kjøpe inn blomar også til de tilsette i høve av at alle i år er pålagt å ha heimepåske.

Representantskapsmøtet

Då fylkestinget er på same dato som representantskapsmøtet har det tidligare vore avtalt at styremedlem Østbø stiller for styreleiar på representantskapsmøtet 27. april.

Neste møte

I følge vedtatt møteplan er neste styremøte sett til **torsdag 17. september.**

Aksdal, 31. mars 2020

Astri Furumo (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar